



Multiconsult Norge AS Avd Bergen
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16543 - 21/22039

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kommune.no

Dato:
31.03.2021

Tilbakemelding etter møte om Hydrogenanlegg - gbnr 127/121 Mongstad

Multiconsult inviterte kommunen til eit møte den 25.03.2021. Det var ikkje sendt inn konkrete spørsmål på førehand, og vi var følgelig ikkje tilstrekkeleg førebudd til å kunne gi klare tilbakemeldingar for framdrift i møtet. I etterkant av møtet har vi teke ein gjennomgang av saka i kommunen, og vår vurdering av prosessen vidare er som følger:

I førehandskonferansen den 22.10.2020 fekk de tilbakemelding om at kommunen vurderer det slik at tiltaket er i samsvar med regulert arealformål. Det heldt vi fast ved. Kommunen har i tilbakemeldinga ikkje teke stilling til om gjeldande reguleringsplan har ein ROS-analyse som omfattar vurderingar knytt til hydrogenanlegg. Tiltakshavar v/konsulent må dermed ta ein gjennomgang av ROS-analysen og vurdere dette forholdet. Viss tiltaket ikkje er omfatta vil dette krevje ein oppdatert analyse og endring av godkjent plan. I så tilfelle må analysen ta omsyn til heile området, ikkje berre forhold innanfor planområdet.

For samanlikning kan de sjå til endring av industriplan for plassering av Hydrogenanlegg i Strandkommune:

[Planbeskrivelse \(strand.kommune.no\)](http://strand.kommune.no)

Vidare må de kontakte Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og be om ei avklaring av kva søknadar dei skal ha i samband med tiltaket og om anlegget er omfatta av Storulykeforskrifta.

Eg har min siste arbeidsdag i Alver kommune den 16.04.2021. Desse personane kan kontaktast for vidare arbeid mot kommunen:

Ingrid Raniseth (planforvaltning)
Knut Bjørnevoll eller Are Frøysland Grande (byggesak)
Ståle Juvik Hauge (samfunnsutvikling/beredskap)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Multiconsult Norge AS Avd Bergen	Nesttunbrekka 99	5221	NESTTUN
Multiconsult Norge AS Avd Bergen	Nesttunbrekka 99	5221	NESTTUN